

Opplæringsavdelinga
Hordaland fylkeskommune

Skulefrukost

Vi viser til utlysing av midlar - støtte til tilbod om gratis skulefrukost, og vi søker om tilskott stort kr 200 000.

Bakgrunn for søknaden

Våren 2016 starta skulen opp forsøk med å servere gratis havregrynsgraut til elevar, graut kokt på vatn og mjølk, servert med sukker, kanel og smør. Tilboden vart godt mottatt og vidareført dette skuleåret. Det er no om lag 50 elevar som nyttar tilboden kvar dag. Elevar som vitjar skulen i samband med elevens val, ungdomskuleelevar i 9. og 10 klasse får same tilboden. Grauten vert servert i «frukostfriminuttet» i tida kl. 09.30 – 09.45. Vi har ikkje høve til å gjøre dette tidlegare grunna skulestart kl. 8.30, og de aller fleste elevane nyttar skyss til skulen og kjem like før halv ni. Denne ordninga har fungert godt. Det er sjølvbetjening, og elevane ryddar på plass etter seg. Skulen driv kantina sjølv og det er tilsette som koker grauten.




Informasjon om skulen

Austrheim vidaregåande skule er ein kombinert vidaregåande skule med ganske stabilt elevtal, om lag 260 elevar kvart år

Fordeling jenter og gutter, 2016/2017, 120 jenter og 140 gutter

Karakterpoengsum fra grunnskolen ved inntak høst 2016, gjelder alle klasser, tall fra «Hjernen og Hjertet»



Vi har hatt tilbod om skulefrukost 5 dagar pr. veke, og vi vil halde fram med det.

Budsjett/kostnader

Vi har rekna på samla utgifter til havregrynsgraut, gryn, mjølk, sukker, kanel pr dag kr 90 x 190 dagar, (gjeld ca. 50 elevar) kr 17.100

Utviding av tilbodet – vil rekke nye 100 elevar, vil tilby kornblanding
Med yoghurt og at alle får appelsin og mjølk

1 glas mjølk, stipulert aktuelt for 150 elevar, 25l x 17 kr x190	kr 121.125
½ appelsin pr elev til 150 elever, 10kg x 23 kr x 190	kr 65.550
Frokostblanding, 50 g pr elev x 100, kr 20 pr kg x 190	kr 19.000
Yoghurt, 2, 5 dl pr elev x 100 elever, kr 28 pr l x 190	<u>kr 133.000</u>
	Kr 221.108

Som nemnd kjem elevane til skulen like før 1. time startar, og det er det første friminuttet på 15 min som nyttast til frukost. Vi har lagt om tilbodet i kantina til eit sunnare kosthald dei siste åra, lager eigne grove rundstykke, grove ostehorn, har salat bar og serverer ein varmrett kvar dag. Vi sel ikkje lenger ferdigkjøpte bollar, kaker, brus og andre matvarer med sukker. Totalt har omsetninga gått ned etter vi innførte gratis frukost og endra tilbodet. I 2016 var det kr 70.000 i minus på kantinedrifta. Vi ser imidlertid mange andre gode resultat, ikkje minst har kantina vorte ein god plass for mange å treffast kvar morgon og det er no eit aukande tal elevar som kjøper «heimelaga ostehorn» på grovt mjøl. Vi ser og at gutane på yrkesfaglege utdanningsprogram er flinke å ete frukost no.

Som med alt nytt er det vanskeleg å sei kor mange som totalt vil ete frukost dersom tilbodet blir utvida. Vi ynskjer ikke starte opp att med å kjøpe ferdig brød/rundstykker, og vil derfor heller utvide med ei sunn frukostblanding med yoghurt og tilby mjølk og /eller ½ eller 1 appelsin til elevane.

Totalt reknar vi med arbeid med å lage og rydde vekke frukost vil ta 1 person 1,5 time kvar dag.

Framlegg til budsjett

150 elevar:

Samla utgifter til havregrynsgraut, kornblanding, mjølk, Yoghurt og appelsin (alternativ til juice)	224.108
--	---------

Eigenandel:

Arbeidstid 1,5 time pr. dag kr 300 pr. time inkl., sos.utg	85.500
Utstyr, diverse forbruk av materiell med meir	<u>15.000</u>
Sum kr	324.608

Kva det vil koste eksakt å utvide tilbodet og kor mange som vil halde fram med havregrynsgraut ved andre val moglegheiter er usikkert. Vår eigenandel er arbeidskraft og utstyr og vi søker med dette om kr 200.000 i tilskot til gratis skulefrukost. Vi står gjerne til teneste med meir utfyllande informasjon om ynskjeleg.

Austrheim, 15. februar 2017

Kjersti Haugland
rektor